

## **Reglement for sakshandsaming i politiske utval**

Vedteke av fylkestinget i sak nr 26/95 og revidert i sak nr. xx/15

§ 1

### **Tidspunkt**

Utvalet skal ha møte på dei tidspunkt som utvalet sjølv eller fylkestinget har vedteke, når leiaren finn det naudsynt eller minst 1/3 av medlemene krev det, jf. kommunelova § 32, nr 1.

§ 2

### **Møteprinsippet**

Utvalet gjer vedtaka sine i møte, jf. kommunelova § 30, nr 1.

Leiaren kan avgjere at ei sak skal handsamast ved fjernmøte eller ved skriftleg handsaming, jf. kommunelova § 30, nr 2. **Slik handsaming kan ikkje nyttast ved handsaming av saker som vedkjem ein arbeidstakar sine tenesteloge forhold og saker med opplysningar som er underlagde tieplikt**, jf. Kommunal- og regionaldepartementet si forskrift av 13.01.93.

§ 3

### **Sakliste**

Leiaren set opp sakliste for det enkelte møtet, jf. kommunelova § 32, nr 2.

Utvalet kan med vanleg fleirtal vedta å utsetje realitetshandsaminga av ei sak på saklista, jf. kommunelova § 34, nr 1. Utvalet kan også vedta å gjere vedtak i ei sak som ikkje er oppført på saklista, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av dei møtande medlemene motset seg dette.

§ 4

### **Møteleiing**

Møta i utvalet vert leia av leiaren eller nestleiaren. Dersom begge har forfall, vert det vald ein særskilt møteleiar ved fleirtalsval, jf. kommunelova § 32, nr 4.

Møteleiaren konstaterer at møtet er lovleg sett, jf. kommunelova § 33.

§ 5

### **Varsel - innkalling**

Utvalet vert kalla inn skriftleg med **som hovudregel** minst åtte dagars varsel. **Saksdokumenta vert gjort tilgjengelege elektronisk.**

Fylkestinget kan be utvalet handsame saker under fylkestingsamlinga som står på fylkestinget si sakliste.

## § 6

### **Møteplikt - forfall**

Medlemene har plikt til å delta i utvalet sine møte med mindre det ligg føre gyldig forfallsgrunn. Som gyldig forfallsgrunn vert rekna sjukdom, viktige velferdsgrunnar og forretningar eller plikter som ikkje kan utsetjast eller forsømast.

Forfall skal meldast til sekretariatet snarast mogleg og i god tid før møtet.

Etter at møtet er sett kan medlemer ikkje forlate møtet utan å melde frå til møteleiaren på førehand.

Er det reist tvil om eit forfall er gyldig, vert dette handsama før sakene på saklista.

## § 7

### **Ordkiftet**

Møteleiaren les opp tittelen og nummeret på saka og framlegg til vedtak. Medlemene får ordet i den rekkjefølgja møteleiaren avgjer. Møteleiaren kan tillate replikkordskifte direkte etter eit innlegg og fastset tidsavgrensing for dette.

Elles gjeld § 5, punkt g og § 6 i reglementet for fylkestinget så langt det passar.

## § 8

### **Vedtak - røysting**

Utvalet kan gjere vedtak når minst halvparten av medlemene er til stades og har røysta, jf. kommunelova § 33.

Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal dersom anna ikkje er bestemt i kommunelova, jf. § 35, nr 1. Dersom røystene står likt er leiaren si røyst avgjerande.

I valsaker og tilsetjingssaker skal det haldast ny avrøysting dersom ingen får tilstrekkeleg fleirtal, jf. kommunelova § 38. Ved den nye avrøystinga er dei valde eller tilsette som får flest røyster. Dersom røystene står likt, skal valet avgjerast ved loddtrekking og tilsetjinga vert avgjort av møteleiaren.

## § 9

### **Røysteplikt**

Medlem som er tilstades i utvalet når ei sak vert teken opp til avrøysting pliktar å røyste, jf. kommunelova § 40, nr 2. Det er berre høve til å røyste blankt ved tilsetjing og val.

## § 10

### **Møtebok**

Det skal førast møtebok, som vert lagt ut elektronisk på fylkeskommunen si heimeside.

Tema for munnlege orienteringar skal protokollerast og eventuelt gje ei tilvising til at skriftleg bakgrunnsmateriale er arkivert i fylkeskommunen sitt sak- og arkivsystem.

Eigarskapsinformasjon skal dokumenterast ved bruk av stikkord og/eller ei tilvising til at eventuelt skriftleg bakgrunnsmateriale er arkivert i fylkeskommunen sitt sak- og arkivsystem.

Elles gjeld § 5, punkt j, i reglementet for fylkestinget så langt det passar.

## § 11

### **Opne eller lukka møte**

Møta vert som hovedregel haldne for opne dører, jf. kommunelova § 31. Utvalet kan på nærmere bestemte vilkår vedta å lukke møtet under handsaminga av konkrete saker.

Debatten om lukking av møtet skal haldast i lukka møte dersom møteleiaren eller utvalet krev det, jf. kommunelova § 31 a. Avrøytinga skal skje i ope møte.

At møtet er lukka, inneber at utanom møtande medlemer eller varamedlemer er det berre fylkesordføraren eller vedkomande sin representant, fylkesrådmannen eller vedkomande sin representant, kontrollutvalet, kontrollutvalssekretariatet og revisor som har rett til å vere til stades.

Andre kan få løyve av utvalet til å vere til stades. Dette gjeld t.d. tilsette som har oppgåver i samband med den aktuelle saka eller sakstypen. Utvalet avgjer sjølv frå sak til sak kven som eventuelt skal få vere til stdes.

## § 12

### **Teieplikt**

Medlemene av utvalet, og andre som tek del i møtet, har teieplikt i samsvar med forvaltningslova § 13 og særlover.

## § 13

### **Ugildskap – fritak**

For medlemene sin habilitet gjeld reglane i forvaltningslova kapittel II og kommunelova § 40, nr 3. Ein medlem som er ugild i ei konkret sak, forlet plassen sin. Dersom møtet er lukka, skal vedkomande, med mindre utvalet vedtek noko anna, også forlate møterommet.

## § 14

### **Mindretalsanke**

Minst 1/4 av medlemene i utvalet, fylkesordføraren, fylkesrådmannen eller dei som møter på deira vegner, kan anke eit vedtak i utvalet til fylkesutvalet for overprøving.

Krav om anke må setjast fram før møtet er slutt og skal protokollerast. Den som ankar har høve til å levere ei skriftleg utgreiing til ankeinstansen saman med saksframstillinga.

Utvalet sitt vedtak kan ikkje iverksetjast før anken er avgjort.